

# DYRDAL KRAFT

24. august 2015

---

Tilsvar på innkomne høringsfråsegner i samband med høringa av konsesjonssøknad for Dyrdal kraftverk, Høyanger kommune.

NVE – Konesjons- og tilsynsavdelingen  
Postboks 5091  
0301 Oslo

Bergen/Høyanger 24.8.2015

**Dyrdal Kraft (DK), Høyanger kommune. Svar frå Dyrdal Kraft i samband med høyringsfråsegner til konsesjonssøknaden.**

**Bakgrunn**

Vi viser oversending av høyringsfråsegner til Dyrdal kraftverk samt e-post der Dykk ber om Dyrdal Kraft (DK) sine kommentarar til desse:

1. *Høyanger kommune*
2. *Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane*
3. *Fylkesmannen i Sogn og Fjordane*
4. *Statens vegvesen*
5. *Sogn og Fjordane Energi AS*
6. *Direktorat for mineralforvaltning*
7. *Sogn og Fjordane Turlag*
8. *Naturvernforbundet i S&F*

**DK sine kommentarar til dei enkelte fråsegnene:**

***Høyanger kommune (HK):***

1. *Med den føreslegne minstevassføringa vil denne smoltproduksjonen verte kraftig redusert, og ein kan ikkje utelukke at sjøaurebestanden i Dyrdalselva vil døy ut. Det er planlagt tersklar som avbøtande tiltak i nedre del av elva for å oppretthalde eit vasspegel i periodar med låg vassføring, men det er likevel tvilsamt at dette vil vere nok til å oppretthalde smoltproduksjonen.*
2. *Til tross for at Noreg har eit særleg internasjonalt ansvar for å ta vare på anadrom laksefisk er fangsten av sjøaure på Vestlandet nesten halvert sidan årtusenskiftet. Vasskraftutbygging på anadrom elvestrekning vil som ein hovudregel redusere smoltproduksjonen, og skaden kan sjeldan avbøtast gjennom slepp av minstevassføring eller andre tiltak. I dei tilfella der det vert bygd kraftstasjon ovanfor anadrom strekning, er det også viktig å hindre at uføresett stans i kraftstasjonen medfører rask tørrlegging av elvebotnen, med påfølgjande fiskedaude. Dette kan ein unngå ved å installere omlaupsventil i kraftstasjonen. Det er også viktig å hindre fiskedaude som følgje av gassovertmetting i avlaupsvatnet frå kraftstasjonen.*
3. *Det er observert ål (CR – kritisk trua) i vassdrag i nærleiken, og Fylkesmannen meiner det er sannsynleg at arten også førekjem i Dyrdalselva. Det er planlagt prøvefiske etter ål i Dyrdalselva i mai 2015 for å få eit betre grunnlag for å vurdere om det førekjem ål her. Ålen føretrekk stilleflytande elvestrekningar, og sjølv om vandringshinderet for sjøaure trulegikkje er noko hinder for oppvandring av ålelarvar, er det mindre sannsynleg at den strie elva vidare oppover er passande habitat for ålen.*

4. *Det planlagde minstevassleppet er om lag på nivå med 5-persentilane for sommar og vinter. I databasen Vann-Nett ligg Dyrdalselva og Aurebotnelva ikkje inne som eigne vassførekomster, men som del av 'Gavlen bekkefelt'. Det er ikkje registrert andre påverknadar i bekkefeltet enn sur nedbør.*
5. *Kommuneplanens arealdel: Tiltaks- og influensaområdet er avsett som LNF- område i arealdelen av Høyanger kommuneplan. Viss det vert gjeve konsesjon etter vassressursloven er tiltaket unntatt byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova, men krev dispensasjon frå arealdelen av kommuneplanen før arbeidet vert igangsett.*
6. *Rådmannen sin konklusjon: Bygginga av Dyrdalselva kraftverk er eit positivt tiltak som vil gje ei viktig biinntekt til grunneigarar som driv aktivt med jord- og skogbruk, og såleis kan bidra til framtidig drift og busetting i eit område som er påverka av fråflytting. Av omsyn til dei biologiske verdiane på anadrom strekning i Dyrdalsvassdraget, fyrst og fremst sjøaure og ål, bør kraftverket plasserast ovanfor vandringshinderet for anadrom fisk, om lag 140 m. frå fjorden. Samstundes må ein gjennomføre naudsynte tiltak for å sikre at sjøaure og ål ikkje vert negativt påverka av utfall eller gassovermetting. Ei plassering ovanfor vandringshinderet for anadrom fisk vil også redusere synlegheita av kraftstasjonen frå fjorden, og vatnet vil renne naturleg den nedste delen av elvelaupet ut i fjorden. Minstevassføringa bør ligge på det omsøkte nivået heile året av omsyn til naturmangfaldet.*

Dyrdal Kraft (DK) :

1. I høve til dei fiskefaglege vurderingane som er utført av Multiconsult er produksjonen av sjøaure i dag sannsynlegvis liten, sjølv om elva har ei betydning produksjonsmessig. Det er difor lagt inn forslag om minstevassføring tilsvarende 5 persentilen, 120 l/s om sommar og 80 l/s om vinter, samt tilhøyrande terskelbygging for å avbøte dette. Vidare er det også vurdert eit alternativ under pkt 2.7 i konsesjonssøknaden. Dette alternativet ligg oppstrøms strekninga for smoltproduksjon og er såleis ikkje i konflikt med desse verkandane. Dette alternativet er derimot dyrare og meir utfordrande å få realisere. Likevel er det viktig å få fram at dette er eit sekundært alternativ til hovudløysinga.
2. Vi er positive til å ta omsyn til omløpsventil i prosjektet, slik at delar av vatn frå turbinen.
3. Det er aldri registrert ål i Dyrdalselva og for å verifisere usikkerheita vart det gått til innkjøp av åluruse som har stått i perioden 25.4-10.5. Ingen ål vart registrert her og resultat frå undersøkinga ligg i vedlegg 1.
4. Ok.
5. Ja, vi er kjende med at det må søkast om dispensasjon frå arealdelen av kommuneplanen før arbeidet vert sett i gong.
6. Det er positivt at HK tilrår prosjektet sjølv om det er på vilkår av flytting for kraftstasjon til kote 80. Vi håpar kommunen også vil sjå nærmare på hovedalternativet under synfaringa med NVE.

**Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane:**

*Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane handterte denne saka 06.05.2015 som sak 46/15 og det vart gjort slikt vedtak:*

*1. Samla vurdering:*

1.1 Fylkeskommunen meiner at landskapsrommet langs Sognefjorden med avgreiningar er svært stort, men at dei sju nye prosjekta i noko grad vil påverke hovudintrykket av fjord- og fjellandskapet. For alle prosjekta er ulempene for kulturminne og brukarinteresser som friluftsliv og reiseliv vurdert til å vere moderate, og fylkeskommunen har difor berre mindre merknader.

1.2 Krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 skal settast som konsesjonsvilkår.

## 2. Dyrdal kraftverk, Høyanger.

*Fordelane ved prosjektet er vurdert til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og fylkeskommunen rår til at det vert gitt løyve. Det er ein føresetnad at kraftstasjonen vert flytta noko oppover elva til ein mindre synleg stad sett frå sjøen, helst opp til vandringshinderet for anadrom fisk.*

Dyrdal Kraft (DK) :

1. Vi vil sjølvsgt etterkomme krav om undersøking etter kulturminnelova § 9
2. Det er svært positivt at også Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane (FK) tilrår kraftprosjektet sjølv om dei tilrår flytting av kraftstasjon til kote 80.

### **Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:**

1. Fylkesmannen vil ikkje rå frå at det vert gjeve konsesjon til Dyrdalselva kraftverk, men vi føresett at kraftstasjonsavlaupet vert etablert ved eller ovanfor vandringshinderet for sjøaure. Vidare må det sikrast at fisk nedstraums kraftstasjonen ikkje vert negativt påverka av utfall frå kraftstasjonen eller gassovermetting i avlaupsvatnet.
2. Vi vil også tilrå at slukeevna i kraftstasjonen vert redusert til 200% for å sikre at noko meir av den naturlege dynamikken i vassføringa vert oppretthalde etter ei eventuell utbygging, og for å redusere skaden på vasstilknytt flora og fauna.

Dyrdal Kraft (DK) :

1. Det er svært positivt at heller ikkje FM er negative til kraftprosjektet sjølv om dei tilrår flytting av kraftstasjon til kote 80 og at prosjektet må tilpassast med omlaupsventil.
2. Vi er ueinige i at prosjektet, i tillegg til dei nemnte avbøtande tiltaka i pkt 1, ytterligare bør justerast med ei lågare slukeevne enn omsøkt. Dette vil redusere produksjon med ytterligare ca. 0,3 GWh slik at produksjon med ei slik endring vil være 7,5 Gwh.

### **Statens vegvesen:**

1. *Nærføring av kablar. Etter veglova § 32 og § 57 skal ingen føre kablar, leidningar eller anna utstyr over-, under-, langs- eller nærare offentlig vei enn 3 meter frå vegkant utan løyve. Søknad om løyve til slike tiltak over, under eller langs riks- og fylkesveg skal i kvart høve sendast til Statens vegvesen.*
2. *Byggjegrænse til veg. Byggjegrænse fastsett i reguleringsplan gjeld for alle byggverk som til dømes transformatorstasjonar, massedeponi, riggområder og oppstillingsplassar med vidare. Der det ikkje fins reguleringsplan gjelder Rammeplanen for avkøyrslar og byggjegrænser på riks- og fylkesvegar i Region vest, sjå vedlegg. For tiltak innafor byggjegrænse til veg som ikkje er fastsett i reguleringsplan, må det søkast om dispensasjon frå Statens vegvesen,*

søknadsskjema finn de på [www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no) -skjemaer - søknad om avkjørsel eller dispensasjon frå byggegrense.

3. Avkøyrslar. Der det vert behov for ny vegtilkomst langs riks- og fylkesvegar som ikkje er vist i reguleringsplan, utvida bruk av eksisterande avkøyrslar eller mellombels avkøyrslar, må det søkjast Statens vegvesen. Avkøyrslar må utformast i samsvar med handbok N100 Veg- og gateutforming og handbok VI21 Geometrisk utforming av veg- og gatekryss, desse finn de på [www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no) - fag - håndbøker.

Dyrdal Kraft (DK):

1-3. OK. Før SK startar opp med detaljplanarbeidet blir det naturleg å gjennomføre eit møte med vegvesenet om dette slik at nødvendige søknadar blir innsendt.

**BKK Nett (BKK):**

BKK Nett er òg i gang med ein analyse for å kartlegge nødvendige tiltak i distribusjonsnettet for å etablere nettkapasitet til alle kjente kraftverk i vårt område. Analysen er forventa ferdigstilt i løpet av februar. Me har fortløpande kontakt med kraftverksutbyggjarar om resultat i denne analysen. Dyrdal kraftverk inngår i denne analysen

Dyrdal Kraft (DK) :

Vi har hatt møter med BKK Nett om dette og ser fram til at analysen blir ferdigstilt.

**Direktorat for mineralforvaltning**

Mineralressursar, dvs. grus, pukk, bygningsstein, malmar m.v. er ikkje nemnt i dei aktuelle konsesjonssakane. DMF vil påpeike at dette bør vere fast utredningstema i slike saker. Den naudsynte kunnskapen om førekomstar og eksisterande masseuttak er tilgjengeleg på heimesida til Norges geologiske undersøking (NGU). Ein skal vere spesielt merksam på førekomstar som har regional eller nasjonal verdi. Framfor å be om ei tilleggsutgreiing, har DMF denne gongen valt å gjere gjennomgangen sjølv. Vi er kome fram til at ingen av tiltaka kjem i konflikt med mineralressursar av regional eller nasjonal verdi. Ut over det har DMF ingen merknader.

Dyrdal Kraft (DK) :

Ok.

**Sogn og Fjordane turlag (SFT):**

1. For Dyrdalselva kraftverk er det i punkt 2.7 lagt fram skisse til alternativ løysing med plassering av kraftstasjonen på kote 80. Dette alternativet vil ha mindre påverknad på sjøauren i elva. Minstevannslipp er her noko mindre enn i hovedalternativet. Turlaget meiner at dette alternativet er verdt å sjå nøye på. Dette alternativet vil og gje normal vannføring i elva nedom fylkesvegen.

2. *Punkt 4: Avbøtende tiltak: Om avbøtende tiltak med tanke på sjøaurebestanden i ein liten strekning av elva, til vandringshinderet, vert pålagt av NVE ved ein eventuell konsesjon må ein også ha som vilkår at terskelalternativet vert halden vedlike i konsesjonstida.*
3. *Turinteressene ved Dyrdalselva kraftverk og ved TVK kraftverk er av mindre betydning*

Dyrdal Kraft (DK):

1. OK. Det er positivt at også SFT er positiv til DK, og vi merkar oss innspela som også er kommentert til HK, FK og FM.
2. OK.
3. Som nemnt veldig positivt at SFT ikkje er negative til DK.

***Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane (NSF):***

### **Dyrdalselva**

*Dyrdalselvi, er truleg den minst skadelege, dersom kraftstasjonen vert flytta opp slik at den anadrome strekninga ikkje vert påverka*

Dyrdal Kraft (DK):

Vi merkar oss at NFS er negative til alle dei omsøkte prosjekta, men at DK er «minst skadeleg» dersom kraftstasjon blir flytta opp til kote 80.

### **Oppsummering/Avsluttande kommentarar**

Vi registrerer at både kommunen, fylkeskommunen, Fylkesmannen og S & F Turlag er positive til prosjektet føresett flytting av kraftstasjon og omløpsventil. Dette er eit noko meir utfordrande prosjekt å realisere økonomisk og er difor tilrådd som eit sekundært alternativ. Vi håpar også å kunne oppklare rundt hovudalternativet for høyringspartane under NVE si synfaring.

Vi ser fram til sluttsynfaringa med NVE og ønskjer å oppklare vidare rundt prosjektet i terrenget.

**På bakgrunn av dette tilrår vi NVE å gå inn for konsesjon på Dyrdal Kraftverk – til liks med Høyanger kommune og Fylkeskommunen i Sogn og Fjordane.**

På vegne av grunneigarane i Dyrdal Kraft,  
vennleg helsing

Bård Moberg

Vedlegg 1